



## MØTEBOK

### 69/15 m.fl. Mindre reguleringsendring - Årskog industriområde - PlanID201701

Utval sak	Utval	Møtedato
47/22	Utval for plan og miljø	13.09.2022


#### Vedlegg:

- 1 201701 Plankart rev.3 28.09.2021.pdf
- 2 Føresegner 121017 Rev. 28.09.21 MED SPOR ENDRING.docx
- 3 Mindre reguleringsendring.pdf
- 4 Referat oppstartsmøte

#### Bakgrunn:

I samband med sal av nokre større næringseigedomar i Årskog Industriområde i det siste er det behov for nytt OVA-nett langs hovudvegtrasé. Gjeldande plan manglar fortau, og ein ser det som hensiktsmessig å etablere fortau i samband med ny teknisk trasé. Fortau/gang-sykkelveg er ønskjeleg langs alle høgt trafikkerte vegar i kommunen i eit klima- og folkehelseperspektiv. Samstundes legg ein inn nye godkjente avkøyrslar i planen.

Planendringa kan etter administrasjonen si meining utførast som mindre endring etter forenkla prosess, sidan fortauet blir liggande i gjeldande føremål «annan veggrunn».



Plankart gjeldande reguleringsplan for Årskog industriområde - PlanID 201701.

#### Om planendringa:

Fitjar kommune ynskjer oppgradering av VA anlegg i næringsområdet, samt klargjering av tilkomst til BN5, og gir føringar for vidare tilkomst til VAA3 og sørleg del av BAA3. I

tillegg planlegg Lerøy Vest ei grøft med ein vassleidning i Leirpollvegen. Tiltaket er allereie godkjent og er tenkt utført i løpet av 2022. I tillegg er det vedteke at Årskog skal vera lokalisering av landstraumanlegg for dei nye oljefelta **NO**rd for **Alvheimfeltet** og **Krafla/Askja** (NOAKA). Planlagt produksjonsstart for NOAKA er i 2025. Haugaland Kraft ynskjer ny høgspenteleidning både til NOAKA-prosjektet og til næringsområdet. Eksisterande lyssetting langs vegen er av varierende standard, og er tenkt oppgradert i samband med etablering av fortau.

Basert på dei nye behova let det seg vanskeleg gjennomføre som eit felles prosjekt i eksisterande veg utan å stenge vegen. Stenging av vegen er ikkje realistisk då det er einaste tilkomst på land til næringsområdet. Skal kommunen få til ei fornuftig samkøyring av dei ulike prosjekta, og unngå fleire rundar med graving og unødig belastning for eksisterande og nye aktørar i næringsområdet, vert det planlagt ei felles grøft på sida av vegen. Dette gjer at ein enkelt kan etablere fortau over grøfta, noko som òg betrar tilhøva for vedlikehald av vegen.

Endringane som er utført er i hovudsak følgjande:

- Det er lagt inn ny offentleg køyreveg, o\_SKV9, med tilhøyrande snuhammar, anna veggrunn – grøntareal, samt nytt fortau o\_SF1 og o\_SF2.
- Det er lagt nytt fortau frå FV545 på sør og vestsida langs hovudtrase i industriområdet heilt til enden av ny avkøyring mot sør (SKV9).
- Det er lagt inn frisktlinjer- og soner, samt byggjegranser 4 meter i frå veg/fortauskant (7/11 meter i frå senterlinje veg).
- Føresegnområde #1\_1 er justert noko.
- Avkøyring frå Fv545 til teknisk bygg (SKV5) skal ut av planen.

I framlegg til reguleringsendring er areal avsett til følgjande planformål, i samsvar med plan- og bygningslova §§ 12-5 og 12-6:

### **Vurdering:**

Statsforvaltaren i Vestland har kunngjort den 29.01.2019 om føresetnadene for at ei planendring kan utførast som ei mindre endring:

*Med mindre endringar meiner ein endringar som ikkje har nevneverdig betydning for nokon berørte partar eller interesser. Vurderinga av kva som er «mindre vesentlig endring» har etter den praksis som er utvikla etter pbl. 85 ofte vore for vid. Føresetnaden er at «mindre endring» skal vurderast snevrere. For eksempel vil endring av arealformål ikkje vere ei «mindre» endring. Ei justering av grensene mellom to formål kan likevel i dei fleste tilfelle sjåast på som ei mindre vesentleg endring. Meir bagatellmessige endringar kan delegerast til administrasjonen.*

*I lovkommentaren til plan- og bygningslova står det vidare følgjande om mindre endringar: "Saken skal forelegges berørte myndigheter før det treffes slikt vedtak, og eierne og festerne av eiendommer som direkte berøres av vedtaket skal gis anledning til å uttale seg. Hensikten er at for å avklare om en endring kan regnes som «mindre», skal de myndigheter som er berørt og eiere og festere av eiendommer som direkte berøres av endringene, ha hatt anledning til å uttale seg. Dersom det foreligger innvendinger til endringene fra de berørte myndigheter eller private, vil ikke endringene kunne anses som «mindre». Da vil saken måtte behandles som vanlig reguleringsendring".*

Kommunedirektøren er positiv til ønske om denne planeendringa, og meiner at endringa ligg innanfor det som kan utførast som ei mindre endring.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø tilrår med heimel i PBL §§12-11 og 12-14 og reglement for Utval for plan og miljø §2 at planendringa kan gjennomførast som mindre endring og at planforslaget med føresegner og plankart datert 28.09.2021 kan sendast på høyring med følgjande endringar:  
SKV5 skal takast ut av plandokumenta.

## **Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 13.09.2022**

### **Behandling:**

Avdelingsleiar plan og utvikling, Øystein Sørli orienterte om saka.  
Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak:**

Utval for plan og miljø tilrår med heimel i PBL §§12-11 og 12-14 og reglement for Utval for plan og miljø §2 at planendringa kan gjennomførast som mindre endring og at planforslaget med føresegner og plankart datert 28.09.2021 kan sendast på høyring med følgjande endringar:  
SKV5 skal takast ut av plandokumenta.

Gjermund Hagesæter  
kommunedirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*